

Alver kommune
Plan, bygg og eigedom
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår referanse: 18055-B03_2
Bergen, 21.09.2021

SVEÅSEN AS.

MJÅTVEITMARKA B1 OG B3. SVEÅSEN BUSTADFELT. GNR. 322 BNR. 247 M.FL. VEG-, VATN- OG AVLAUPSANLEGG. TILLEGGSSOPPLYSNINGAR I FORBINDELSE MED SØKNAD OM RAMMELØYVE.

Viser til søknad om rammeløyve i forbindelse med nytt bustadfelt på Sveåsen som er ein del av reguleringsplan for Mjåtveitmarka, felt B1 og B3 (ID1256-20060002), samt brev frå kommunen av 01.07.2021 der dei ber om supplerande informasjon.

Dette brevet skal svare ut punkta som er nemnd i brevet.

Supplerande informasjon:

1. Dispensasjon snuhammar

Kommune still krav om at det søkjast om dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av snuhammar i prosjektet.

- a. Dispensasjonssøknad er vedlagt og 16 naboar vart varsle om søknaden den 6. juli 2021. Ved fristens utløp vart det motteke 1 merknad. Merknaden gjeld eigedom gbnr. 322/247, og vart sendt frå Alver kommune om at eigdommen er eigd av Vestland fylkeskommune, og ikkje Alver kommune. Ettersom det ikkje utførast arbeid i eller direkte langs Rosslandsvegen (Fv564), er det ikkje sett på som naudsynt å nabovarsle søknaden på nytt.

2. Terrenginngrep

Det visast til førehandskonferanse den 25.01.21 i sak 21/11 der det vart nemnd fleire tilhøve som krev dispensasjon. Kommunen har i brev av 01.07.21 bedt om dispensasjonsbehov vert vurdert i samband med innsending av tilleggsopplysninga. Denne søknaden gjeld infrastruktur og veger etter gjeldande reguleringsplan for Mjåtveitmarka. Einaste unntak er snuhammar i enden av vegen, og som nemnd i punkt 1 vert søkt dispensasjon for. Avkøyrslar, justering av vegtrase og byggjegrense for tomt 7 vert ikkje vidare kommentert då det ikkje er ein del av denne søknaden.

a. Terrenginngrep i strid med pkt. 1.4.1:

- i. Terrenginngrep i forbindelse med ny infrastruktur vil skje mest mogleg skånsamt. Inngrep som vegskjeringar er ein konsekvens av at det stillast krav til

maksimal stigning på veg, og det er dermed ikkje mogleg å komme seg høgare opp enn det som er prosjektert.

I forbindelse med leilighetsbygg i felt B3-ks blir det også gjort avbøtande tiltak for å redusere verknadene av terrenginngrep. Det vil dermed være einsidig fjellskjæring langs felt B1b-fs. Opparbeiding av terreng inngår i neste søknad om tomteplanering.

- ii. Eksisterande steingard langs eideomsgrensa til gbnr. 322/106 bli ikkje påverka av veg 1.21, då denne vert avsluttast før den når grensa. Infrastruktur på eideomen gbnr. 322/247 er heller ikkje i konflikt med steingarden. Det er elles ingen murar, steingardar eller verdifull vegetasjon i området som blir råka av tiltaket, og vegetasjon blir i stort mogleg grad tatt vare på.

b. Utbetring av private sidevegar og gangveg.

- i. Alle arbeid på veg vert utført etter godkjent reguleringsplan.

3. Muslingar

I lys av ny kunnskap har Rådgivande Biologer AS ved Linn Eilertsen og Steinar Kålås revidert notata *Vurdering etter naturmangfoldlova* og *Vurdering av påvirkning på Mjåtveitela ved boligutbygging på Sveåsen*. Notata av høvesvis 09.09.21 og 20.09.21 ligg ved. Det var ein inkurie at den opphavelige rapporten hadde feil dato.

Tiltakshavar har på denne bakgrunn utarbeida eit notat som beskriv i detalj dei avbøtande tiltaka som tiltakshavar planlegg å gjennomføra. Sjå vedlagt «*Notat_Avbøtande tiltak elvemusling_20.09.21*». I samband med utarbeidingsa har ein hatt dialog og tre ulike synfaringar med Mjåtveitelvas foreining ved Kjetil Tufte og Frode Tufte.

Tidlegare forslag til avbøtande tiltak om å flytta utsett elvemusling er tatt ut. Dette tiltaket gjaldt for dei kultiverte muslingane som tidlegare var satt ut i ein boks nedanfor fossen, men som no nyleg er tömd ut i Mjåtveitela. Tiltaket er derfor ikkje lenger aktuelt.

Når Rådgivende Biologer har vurdert moglege konsekvensar av utbygginga legg dei til grunn at «*Selv om alle de foreslårte avbøtende tiltakene gjennomføres vil det likevel være en viss risiko for utsipp til bekken, for eksempel om det skulle komme uventet store nedbørsmengder.*»

Dei vurderer likevel ikkje at risikoen er av ein slik karakter at det i verste fall vil ha avgjerande negativ innverknad på livsvilkåra for elvemuslingane. Skulle tiltaka verke etter sin hensikt vil verken bekken eller Mjåtveitela bli negativt påverka i ein slik grad at elvemuslingane blir påverka av utbygginga.

Rådgivende Biologer har vurdert 0-alternativet (inga utbygging). Dei konkluderer med følgjande: «*Det forventes at 0-alternativet (ingen utbygging) innebærer en negativ utvikling for elvemusling (vår utheting og understrekning) i Mjåtveitela, siden vi er kjent med at det planlegges andre utbygginger langs vassdraget. Vi er ikke kjent med at det foreligger planer for å forbedre situasjonen for elvemusling i Mjåtveitela.*»

Det siste har samanheng med at verken desse planane, eller pågåande utbyggingar, tek sikte på utbetring av eksisterande fangdammar.

Rådgivende Biologer har konkludert slik om Føre-var prinsippet etter Naturmangfaldlova § 9:
«*Føre-var-prinsippet vurderes å ikke komme til anvendelse i dette tilfellet, siden det ikke er mangel på kunnskap om tiltakets virkninger for naturmiljøet, kun en viss usikkerhet knyttet til i hvor stor grad foreslalte tiltak vil være avbøtende.*»

Lekkasjen, og det mangelfulle funksjonsnivået fangdam 2 har hatt, har vore kjent for utbyggar av Mjåtvæit Næringspark og kommunen i årevis utan at det har blitt iverksett tiltak for å utbetra fangdammen. Tiltakshavar for Sveåsen vil utbetre fangdammen for å stoppe lekkasjen og auke volumet ved å gjere denne høgare. Dette vil gjere at denne viktige fangdammen fungerer betre enn då han vart etablert, og vesentleg betre enn den gjer i dag.


Rådgivende Biologer har konkludert slik om utbetring av fangdammene (2 og 4):

«*Tiltakshaver har en plan for avbøtende tiltak som også omfatter utbedring av dagens fangdammer i Mjåtvæitelva. Fangdammene kan ikke utbedres uten risiko for tilførsler i anleggsperioden, men å få utbedret disse vil på lang sikt være et positivt tiltak for elvemuslingsbestanden i vassdraget, forutsatt at de fungerer etter hensikten.*» I tillegg til utbetring av fangdammene 2 og 4, legg tiltakshavar opp til å auka kapasiteten i fangdam 3 monaleg med sedimenteringscontainarar under anleggsperioden. Saman med ei rekke andre tiltak i samband med utbygginga har tiltakshavar tatt ned risikoen for utilsikta hendingar til at det vil vere menneskeleg svikt eller forhold som ligg utafor vår kontroll som er årsaka til eventuelle hendingar til ugunst for elvemuslingane i anleggsperioden.

På bakgrunn av den tidlegare rapporten frå Rådgivende Biologer om flytting av elvemuslinger og eventuell verknad av inngrep i og rundt elv/vassdrag meinte kommunen at tiltakshavar måtte vurdere tiltaket etter diverse andre lover. Når Rådgivende Biologer no har vurdert det slik at tiltaket om å flytta elvemuslinger ikkje lenger er aktuelt, og at inngrep i samband med utbetring og oppgradering av eksisterande fangdammar **er naudsynt** om ein skal kunne betre vilkåra for elvemuslinger, kan ikkje tiltakshavar sjå at det tilfører saka noko meir kunnskap enn om ein vurderer tiltaket etter Naturmangfaldslova.

Reguleringsplanen for Mjåtvæit Næringspark har krav om turbiditet på < 2 FNU etter fangdam 2 (den største fangdammen). Rådgivende Biologer anbefaler at tiltakshavar gjennomfører eit prøvetakingsprogram på 10 prøver over 2 månader, fordelt på 5 prøvar kvar nedstrøms fangdammene 2 og 3, for å få meir kunnskap om vasskvaliteten i vassdraget. Dette vil tiltakshavar følgje opp. Ein kan då anten legge grunn tilsvarande grenseverdiar som i reguleringsplanen for Mjåtvæit Næringspark, eller gjennomsnittet av målingane som er utført.

Det vert vist til krav i reguleringsplanen pkt. 6.2.1 i mangelbrevet som gjeld naturvernområde. Me antek dette er ei misforståing frå kommunen om kva område det er snakk om. Naturvernområdet i reguleringsplanen er vist på plankartet, og området bestemminga gjeld ligg langt frå Sveåsen. Sjå utsnitt frå plankart på neste side.



Utsnitt frå plankart.

Med venleg helsing

Halvor Fretland

Vedlegg:

Dispensasjonssøknad

Nabovarsel-20210706

Kvittering for nabovarsel-20210706

Notat_Avbøtende tiltak elvemusling_20.09.2021

Naturmangfoldsvurdering Sveåsen_revidert notat september 2021

Vurdering av påvirkning på Mjåteiteita_revidert notat september 2021

Kopi av brev og vedlegg:

Sveåsen AS v/ Christian Vik